

- Fantastisk sirkus

20.06.2011



Direktørane Kristian og Anders fullførde jobben sin med glans (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Oddbjørn og Hanne Kroka, som er foreldra til Johan, sender i Kvinnheringen dagens ros til dei 23 flotte 1ørsteklassingane, dei to knallgode lærarane Maria og Hilde og den kjekke lærlingen Kjerstin.  
Dei takkar for ein fantastisk  
sirkusforestilling under den årlege sommarfesten og  
skriv millom anna dette:**

'Cirkus Albardo tok oss med storm, så utroleg sjarmerande, dyktige, stolte og trygge og med god kvalitet gjennom heile førestillinga.

Dei to sirkusdirektørane fullførde jobben med glans. Første nummer

ut var 3 klovnar med japanske dragar. Fascinerande show med flotte dragar og hopp på trampolinen.

Løvetemmar med love som 'hoppa' gjennom ringen. Deretter vat det spilloppar av ein heil haug med herlege klovnar. Linedansaren klarde å balansera medan ho hadde paraply i den eine handa og rockering rundt andre armen. Tryllekunstnaren sjokkerte oss med spennande triks.

Søte balettdansarar og verdas minste elefant. Sirkusprinsessene dansa og det heile vart avslutta med to spreke jenter som fekk koma i manesjen på ein ekte sirkushest.

Under fleire av innslaga kunne ein kjenna følelsen av eit 'wao' mellom publikum og latteren satt laust gjennom heile det spektakulære showet'